

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 27.03.2017

Vår ref.: 201403843-5

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Silje Aakre Solheim

22959544/saas@nve.no

Søknad om løyve til Osen kraftverk i Høyanger kommune, Sogn og Fjordane - høyring

NVE har motteke ein søknad frå Osen kraft SUS v/Karl Martin Gudmundsos, datert 2.3.2017, om løyve til å byggje Osen kraftverk i Høyanger kommune.

Osen kraftverk vil nytte fallet i Oselva mellom kote 387 og kote 241. Nedbørfeltet er 3,1 km² og middelvassføringa ved inntaket er 390 l/s. Frå inntaket vil vassvegen gå i ei nedgraven røyrgate på nordaustsida av elva. Røyrkata vert om lag 420 m lang. Kraftverket skal ha ei maksimal slukeevne på 590 l/s, ein installert effekt på 710 kW, og ein årleg produksjon på 2,74 GWh. Det er planlagt å sleppe minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring på 13 l/s. Det skal byggast ein mellombels anleggsveg langs med røyrkata, denne skal tilbakeførast til køyresterkt terreng etter anleggstida. Frå eksisterande veg skal det byggast 80 m ny veg som tilkomst til kraftverket.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Osen kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredninger etter sektorlover». Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber Høyanger kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Høyanger rådhus, og eitt på Høyanger bibliotek fram til **19.5.2017**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Frå 1.1.2010 er det fylkeskommunen som har fått delegert myndigheit frå Olje- og energidepartementet til å fatte vedtak i saker der det er søkt om konsesjon til bygging av kraftverk under 1 MW. All førebuande saksbehandling skal gjennomførast av NVE, som gjev innstilling til fylkeskommunen. Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar saksbehandlinga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

NVE føretrekkjer at fråsegner vert sendt til oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som råd og seinast innan **19.5.2017**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller deler av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Silje Aakre Solheim
rådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: 4 søknadar til kommunen
Kunngjeringsstekst
Informasjonsark

Mottakerliste:

Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Høyanger kommune
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
Norges Jeger- og Fiskerforbund - Sogn og Fjordane
Norges Miljøvernforbund
SFE Nett AS
Sogn og Fjordane Bondelag
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Sogn og Fjordane Turlag
Sunnfjord Energi AS

Kopi til:

Karl Martin Gudmundsos
Sunnfjord Energi AS v/Bent Vidar Kårstad